



KYSTVERKET

Vest

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2019/627-5

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:
Turid Susort Jansen

Dato:
15.02.2019


Merknad til søknad om nytt settefiskanlegg Mjåsund i Gulen kommune - Sogn og Fjordane fylke

Syner til brev av 8.2.2019 vedkomne søknad om uttak av vatn frå Mjømnevatnet og Randalsvatn i Gulen kommune.

Kystverket Vest har ikkje merknader til uttak og regulering av vatn, men vi vil minne om at søknaden inneheld tiltak som krev løyve frå Kystverket etter hamne- og farvasslova (hfl).

Ånnelandssundet er ei farlei, og kryssing av sundet med vassleidning krev løyve etter hfl. Kystverket vil handsama søknad om vassleidningen i samband med søknad etter akvakulturlova.

Ånnelandssundet er ei smal farlei der arealet kor staten (Kystverket) har mynde etter hamne- og farvasslova går delvis heilt inn til land. Det grønne arealet nedanfor syner kor Kystverket har mynde etter gjeldande hfl.



Det kan sjå ut som om planlagt kai i samband med settefiskanlegget rører ved arealet avsett til farleia jf. Forskrift om farleier (FOR-2009-11-30-1477). Ny kai kan få verknad for farleia, og skal difor handsamast av Kystverket.

Region Kystverket Vest

Sentral postadresse:

Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no

For besøksadresse se www.kystverket.no

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ser om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Med helsing

Turid Susort Jansen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:
Firda Sjøfarmer AS Kalvøyna 5970 BYRKNESØY
Gulen kommune